

## FORSKRIFT FOR VANN- OG AVLØPSGEBYR - VOLDA KOMMUNE

Vedtekne av Volda kommunestyre: .....

---

### KAPITTELOVERSIKT:

Kapittel 1. Generelle reglar

Kapittel 2. Vatn og avløpsgebyr

Kapittel 3. Tilknytingsgebyr

Kapittel 4. Årsgebyr

Kapittel 5. Vassmåler

Kapittel 6. Andre gebyrplikte høve

Kapittel 7. Innbetaling av årsgebyr

Kapittel 8. Avsluttande bestemmelsar

---

## KAPITTEL 1. GENERELLE REGLAR

Kommunen sine abonnentar betalar for vass- og avlaupstenester som vert levert av kommunen. Tilhøvet mellom abonnenten og kommunen er regulert av lover og forskrifter, samt av lokale reglement og regulativ. Dei viktigaste dokumenta er lista opp her:

- Lov av 16.mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avlaupsanlegg.
- Forskrift av 01.06.2004 nr. 931 om begrensing av forureining med etterfylgjande endringar. (forureiningsforskrifta)
- Føresegner for vass- og avløpsgebyr i Volda kommune (dette dokumentet)
- Standard abonnementsvilkår for vann og avløp, Tekniske- og administrative bestemmelser, utgitt av Kommuneforlaget i 2017
- VA norm for Volda kommune
- Gebyrregulativ for vatn og avløp i Volda kommune for kvart enkelt år
- Retningslinjer for berekning av sjølvkost for kommunale betalingstenester (H-3/14)

### § 1. Føremålet med føresegna

Forskrifta gjev bestemmelsar om berekning og innkrevjing av dei gebyr abonnentane skal betale for dei vatn-og avløpstjenester som kommunen leverar.

## § 2. Forskrifta sitt verkeområde

Forskrifta gjeld geografisk for Volda kommune, og for alle kommunen sine abonnentar, sjå definisjonen i §3.

## § 3. Definisjonar

I denne forskrifta meinast med:

- A *Sanitæranlegg*: Abonnentane sine tekniske innretningar for tapping, transport, oppbevaring eller reinsing av vatn og avlaup.
- B *Sanitærinstallasjonar/innvendige vass- og avlaupsinstallasjonar*: Abonnentseigde røyr, installasjonar og utstyr innanfor husets yttervegg, som er tilknyttt vatn- og/eller avlaupsanlegg.
- C *Privat vass- og avlaupsanlegg*: Abonnenten sine private leidningar (stikkleidningar) og utstyr utanfor husets yttervegg, som er tilknyttt vass- og/eller avlaupsanlegg.  
Skille mellom kommunalt og privat leidning følger av kommunens VA-norm.
- D *Abonnement*: Avtale mellom abonnent og kommunen om vassforsyning- og /eller avlaupstjenester gjennom tilknyting av sanitærinstallasjonar og private vass- og avlaupsanlegg til kommunens vass- og avlaupsanlegg. Det er ikkje ein føresetnad at avtalen er skrifteleg. Avtale om tilknyting via privat fellesleidning regnast som abonnement.
- E *Abonnent*: Eier av eiendom med vann- og/eller avløpsinstallasjonar som enten er tilknyttet offentlig vann- og avløpsanlegg, eller som har fått pålegg om tilknytning etter plan- og bygningslovens regler. Kommunen kan etter søknad godta at andre enn eieren står som abonnent, der særlige forhold tilseier det.
- F *Eigedom*: Fast eigedom som er registrert i matrikkelen. Seksjon etablert i samsvar med lov om eigarseksjonar reknast som sjølvstendig eigedom.
- G *Brukseining*: Konstruksjon eller byggverk registrert med eige byggninsnummer i matrikkelen.
- H *Bustad*: Eigedom med bygg som vert brukt til bustadføremål, medrekna fritidsbustad. Bygningstype 111–151 samt 159 - 163 etter NS-3457.
- I *Bygning*: Rom eller samling av rom eller opne delar som vert nytta til eit bestemt formål av brukaren.
- J *Fritidsbustad*: Bygning eller bueining som nyttast som fritidsbustad og som er registrert som brukseiningstype «fritidsbustad»
- K *Næringsverksemد*: Eigedom som ikkje er bustad, fritidsbustad eller kombinasjonsbygg. Bygg for offentlege føremål vert klassifisert som næringsbygg. Samt bygningstype 152.
- L *Vannpost*: Kran for levering av vatn til for eksempel enkeltståande hytte eller hytter, brygger, kaier mv. Og når det ikkje er anna tilknyting til vatn og avløpsnett på eigedommen.
- M *Utleigeeining*: areal som leigast ut i eigen bustad.
- N *AbonnementsgEBYR*: Årsgebyret sin faste del.
- O *Bruksareal (BRA)*: Bruksareal definerast i samsvar med NS3940. Garasjar, uthus, annex, utvendige buer og naust vert ikkje medrekna som bruksareal for bustad- og kombinasjonseigedom. Bygningstype 181–183 etter NS-3457.
- P *Tilknytingsgebyr*: Gebyr for tilknyting til kommunens vatn og avløpsanlegg.
- Q *Avløpsvatn*: Spillvatn og overvatn.
- R *Spillvatn*: Forureina vatn frå hushaldning, industri eller landbruk.

- S *Overvatn*: Overflatevatin/regnvatin
- T *Årsgebyr*: Dei samla gebyr som blir betalt årleg av abonnentar for å ha tilgang til vass og/eller avløpstener i kommunen. Årsgebyret er samansett av abonnementsgebyr og forbruksgebyr.
- U *Forbruksgebyr*: Gebyr for bruk av vatn og avløpstener. Gebyret er avhengig av det faktiske(målt) eller stipulerte forbruket av vatn og avlaup.
- V *Kombinasjonseigedom*: Eigedom med ei eller fleire bueiningar, i tillegg til ei eller fleire brukseiningar som ikkje er bustad. Eigedom med ei eller fleire bueiningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk vert klassifisert som kombinasjonseigedom.
- W *Bueining*: Brukseining som er definert som bustad eller bueining i matrikkelen. Som bueining reknast kvar og ei brukseining som har minst eitt rom og eigen inngang, og der ein har tilgjenge til vatn og toalett utan å gå gjennom anna brukseining.
- X *Symjebasseng*: Som symjebasseng reknast ikkje inn- og utvendige boblebad, badestampar og liknande med mindre fyllevolum enn 4 kubikkmeter vatn.

## § 4. Generell gebyrplikt

Plikta til å betale vass- og/eller avløpsgebyr gjeld følgjande abonnentar:

- Fast eigedom som er tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning, direkte eller gjennom privat samleleidning.
- Eigedom som kommunen i medhald av plan- og bygningsloven § 27-1 eller § 27-2 har kravd tilknytt kommunal vass- og/eller avløpsleidning.

# KAPITTEL 2. VATN OG AVLAUPSGEBYR

## § 5. Gebyrtypar

Fyljande gebyrtypar gjeld for både vatn- og avlaupstener:

- Tilknytingsgebyr
- Årsgebyr (abonnementsgebyr og forbruksgebyr)
- Gebyr for å plombere anlegg eller installasjonar
- Gebyr ved kjøp av vatn utan abonnement
- Gebyr for leige av vassmålar
- Kontrollgebyr for avlesing/kontroll/testing av vassmålarar
- Gebyr for mellombels tilknyting.

## § 6. Gebrysatsar

Gebrysatsar fastsettast i gebyrregulativet, godkjennast av kommunestyret, og vert sett i verk frå det tidspunkt kommunestyret bestemmer.

Gebyra skal fullt ut dekkje kommunen sine kostnadar ved levering av tenestene regulert av denne forskrifta.

## § 7. Kommunens rett til kontroll

Kommunen har rett til å utføre kontroll av abonnentens vatn og avløpsanlegg, og alle forhold som kan ha betydning for berekning av gebyr etter denne forskrift. Abonnenten plikter å medvirke til dette. Abonnenten kan krevjast gebyr for kommunens kontroll.

## KAPITTEL 3. TILKNYTNGSGBYR

### § 8. Gebyrplikt

Lov om kommunale vass- og avløpsavgifter krev at det betalast eingongsgebyr for tilknyting til vatn- og/eller avløpstenester.

Tilknytingsgebyret er eit eingongsgebyr og vert betalt etter fastsette kategoriar i gebyrregulativet.

Gebyr for tilknyting til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg skal betalst for:

- a) Ny tilknyting av eigedom.
- b) Tilknyting av eksisterande eigedom, eller eigedom som kommunen krev tilknytt.
- c) Eksisterande eigedom med tilknyting som ikkje er godkjent.
- d) Anna permanent tilknyting til kommunalt vass- og/eller avløpsanlegg, til dømes vatningsanlegg for landbruk, vannpost, idrettsanlegg m.v.

Om kommunen overtek private vatn- og/eller avløpsanlegg kan kommunestyret i kvart enkelt tilfelle avgjere om det skal reknast eingongsgebyr for tilknyting, og eventuell rabatt.

Tilknytingsgebyr for tilknyting til vatn og/eller avløp skal ikkje betalast for:

- e) Seksjonering av allereie tilknytt eigedom utan at BRA for eigedomen endrast.
- f) Bygg som har mellombels tilknyting, til dømes brakkerigg. Kommunen kan fastsette varigheit på tilknytinga. Varigheita kjem fram av gebyrregulativet.  
Særskild tilknyting av sprinklaranlegg.

### § 9. Utforming av gebyra

For bustadar skal eingongsgebyret for tilknyting utgjere eit fast beløp per bueining.

For næringseigedom skal eingongsgebyret for tilknyting utgjere eit fast beløp per brukseining som er tilknytt.

For kombinasjonseigedom skal det betalast gebyr for kvar del etter reglane over.

### § 10. Ansvar og betaling

Abonnenten har ansvar for betaling av eingongsgebyret for tilknyting. Gebyret vert fakturert ved godkjenning av sanitærabonnementssøknad og har 30 dagars betalingsfrist.

Gebrysatsen skal være det som var gjeldande gebrysats då kommunen mottok komplett byggesøknad med søknad om sanitærabonnement. Tilknytingsgebyr må være betalt før bruksløyve vert gitt.

## KAPITTEL 4. ÅRSGBYR

## **§ 11. Gebyrplikt og ikraftsetjing**

Årsgebyr skal betalast for alle eigedomar som:

- A. er tilknytt kommunal vass eller avløpsanlegg.
- B. er krevje tilknytt i medhald av lov og fristen for tilknyting er utløpt.

Gebyrplikten trer i kraft for alle eigedommar frå det tidspunkt det tidspunkt det vert gjeve bruksløyve ved ferdigmelding. Dersom eigedommar vert teke i bruk utan bruksløyve eller ferdigmelding etterfaktureras det minimum 6 månader.

Gebyrplikta gjeld uavhengig av om det er utandørs tappepunkt/vasspost eller om det er innlagt vatn.

## **§ 12. Utforming av gebyra**

Årsgebyret består av to delar:

- Abonnementsgebyr (fast del)
- Forbruksgebyr (variabel del)

Abonnementsgebyret skal dekke vass- og avløpstenesta sine forventa kapitalkostnadars.

Kor stor del av årsgebyret som skal være fast- eller mengdevariabel del fastsettast kvart år i gebyrregulativet.

## **§ 13. Abonnementsgebyr**

Bustadeigedom og fritidsbustader skal betale abonnementsgebyr som ein fast sats per bueining.

Nærings- og kombinasjonseigedom skal betale abonnementsgebyr etter fastsette kategoriar som speglar vassforsyningskapasiteten til den einskilde eigedom. Kategoriane kjem fram av gebyrregulativet.

## **§ 14. Forbruksgebyr**

Abonnentane skal betale forbruksgebyr etter målt eller stipulert vassforbruk i  $m^3$ . Både kommunen og abonnenten kan krevje at forbruksgebyret vert fastsett ut frå målt forbruk. Det vert ikkje gjeve nedsett forbruksgebyr for storforbrukarar av vatn.

## **§ 15. Betaling etter stipulert forbruk**

Bustader som ikkje har vassmålar, skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk.

Stipulert forbruk reknast ut frå eigedomen sitt bruksareal multiplisert med ein faktor for vassforbruk per kvadratmeter BRA. Faktoren kjem fram av gebyrregulativet.

Fritidsbustad som ikkje har vassmålar, skal betale forbruksgebyr etter stipulert forbruk. Faktoren for vassforbruk skal være ein fjerde del av faktoren for bustadeigedom.

For eigedom som etter § 16 skal ha vassmålar og der dette ikkje er installert, vert det rekna eit stipulert forbruk med utgangspunkt i eigedomens totale bruksareal.

Frittliggjande garasjar, uthus, anneks, utvendige buer og naust vert ikkje rekna som bruksareal for bustad- og kombinasjonseigedom.

## **§ 16. Betaling etter målt forbruk**

Forbruksgebyr etter målt forbruk skal betalast for:

- a) Næringseigedom, medrekna bygg for offentlege føremål.
- b) Kombinasjonseigedom, medrekna eigedomar med ei eller fleire bueiningar i tillegg til ei eller fleire bygningar for fiskeri eller landbruk.
- c) Anlegg med varig eller mellombels tilknyting i samband med oppføring av bygg eller anlegg. Dette gjeld også for anlegg på ein ikkje utbygd eigedom som kunne vore kravd tilknytt etter plan- og bygningsloven § 27-1 eller § 27-2 dersom den hadde vore utbygd.
- d) Eigedom med symjebasseng.

Desse eigedomane skal:

- e) ha installert vassmålar.
- f) lese av vassmålaren minst éin gong i året, og levere resultatet til kommunen.

For mellombelse tilknytingar kan kravet om vassmålar fråvikast dersom vassmengda kan verte fastsett på andre måtar. Dersom det ikkje er mogleg å installere vassmålar kan kommunen fastsette eit stipulert forbruk.

## **§ 17. Ansvar for gebyra**

Abonnenten har ansvar for å betale gebyr, uansett om gebyrkravet er retta mot abonnenten eller anna rekningsmottakar.

Abonnementar som samarbeider om vassmålar er solidarisk ansvarlege for gebyra. Gjeld slikt samarbeid eit sameige med lov om eigarseksjonar, er kvar abonnent ansvarleg for mengdevariabel del av gebyret i høve til sin eigarandel, dersom ikkje anna fordeling er fastsett i sameigets vedtekter eller bindande vedtak i sameiget.

## **§ 18. Ansvar for opplysningar om abonnent**

Abonnenten er ansvarleg for at gebyrgrunnlaget er rett.

Abonnenten skal melde endringar i abonnementsgrunnlag og endringar på det private leidningsnettet.

Inntil kommunen har motteke melding og inntil kommunen har oppdatert abonnentdata frå matrikkelen skal abonnenten betale gebyr som tidlegare. Ved feil opplysningar for gebyr, hjå kommunen, kan gebyret etterfakturerast i inntil 3 år i høve § 2 i lov om foreldelse (foreldelseslova).

## **§ 19. Berekning av gebyr**

Same forbruk i  $m^3$  vert lagt til grunn for berekning av vatn og avløpsgebyr.

Fråflytting eller fråvær gir ikkje grunnlag for frådrag i gebyr. Er bygg/bustad på eigedommen reve/fjerna, eller øydelagt slik at den ikkje kan nyttast, betalast gebyr inntil stikkleidning er fråkopla (plugga ved hovudleidning).

For eigedom der forbruket av vatn til produksjon medfører av mengda av avløpsvatn avvik vesentleg frå målt vassforbruk, kan kommunen krevje at avløpsgebyret vert lest av på eiga måling av tilført avløpsvatn til kommunalt nett. I slike tilfelle må abonnenten installere avløpsmålar, eller eigen målar for vatn som ikkje tilførast kommunalt avløpsnett. Kommunen kan også anslå ei prosentvis del av vassforbruket som tilførast avløpsnettet der dette er tenleg.

For avløp frå produksjonsprosess eller liknande kan kommune gi løyve til å føre avløpsvatn til grunn, i eigen privat avløpsleidning direkte til vassdrag eller sjøen. Det skal då ikkje betalst avløpsgebyr til kommune. Slikt avløpsvatn skal målast separat.

## **§ 20. Retting av feil gebyrberekning**

Har mangefull eller feil opplysningar ført til feil gebyrberekning, skal rekninga rettast og differansen gjerast opp.

Dersom det er feil i matrikkelen skal gebyra rettast. Rettinga gir ikkje tilbakevirkande kraft, men iverksettast den 1. i månaden dersom dokumentasjon føreligg innan den 16. i månaden og frå den 1. i påfølgande månad dersom dokumentasjon føreligg frå den 16. og seinare i månaden.

## **§ 21. Gebyrreduksjon i medhald til forbukerkjøpslovas regler om prisavslag**

Vilkår for gebyrreduksjon er at mangelen skyldast forhold på kommunens side, til dømes forureining i vasskilde eller feil ved kommunalt anlegg. Kommunen plikter bidreg til å avklare ansvarsforholdet. Abonnenten kan krevje reduksjon i fylgjande tilfelle:

- Ved ikkje varsle avbrot i vassforsyninga i meir enn 24 tima.
- Ved ikkje varsle avbrot i vassforsyninga meir enn 2 gongar i løpet av eit kalenderår, og eit avbrot vara lenger enn 8 timer.

Krav om redusert gebyr må sendast innan fire veker etter at forholdet oppstod, dersom kommunen ikkje har fatta eige vedtak om gebyrreduksjon.

## **§ 22. Opphør av abonnement - fråkopling frå kommunens nett**

Det kan søkast om og gjevest fritak frå gebyret når eigedommen, bygninga eller brukseininga er fysisk fråkopla kommunens leidningsnett. Fritaket vert sett i verk frå den 1. i månaden når plomberinga utførast før den 16. i månaden, medan fritaket vert sett i verk den 1. i påfølgjande månad utførast den 16. eller seinare i månaden. Den fysiske fråkoplinga skal skje i skillet mellom privat og kommunalt nett slik det er definert i §3.

Iverksetting av gebyret etter fritak tek slutt vert gebyret iverksett på same måte.

Fråkopling frå vatn og eller avløpsnett er også søknadspliktig PBL.

Fråkoplinga skal utførast i samsvar med standard abonnementsvilkår, kommunens VA-norm samt etter kommunenes påvisning. Arbeidet skal utførast av ansvarleg føretak i samsvar med standard abonnementsvikår. Fråkoplinga skal dokumenterast med bilde og innmåling.

Kostnaden ved fråkopling og ny tilknyting dekkast fullt av abonnenten. Dersom plombering blir brote utan at det blir gitt melding om dette, krevjast det gebyr for heile perioden frå plomberinga vert utført.

### **§ 23. Fråkopling ved riving eller brann**

Når bygning fjernast ved riving eller brann, skal abonnenten sørge for fråkopling frå kommunalt nett i samsvar med §23.

## **KAPITTEL 5. VASSMÅLAR**

### **§ 24. Gebyr for vassmålar**

Kommunen står for innkjøp, rutinemessig kontroll og vedlikehald av vassmålarar. For dette betalar abonnenten årleg gebyr for vassmålarleige, leiga er avhengig av målarens størrelse. Gebyr for målarleige startar når målaren leverast ut frå kommunen.

For tap eller skade på vassmålar som gjeld manglande oppfølging av abonnentens ansvar etter denne forskrift, svarar abonnenten gebyr tilsvarende kostnaden for vassmålaren og kommunens kostnad for å avklare forholdet.

Kommunen kan utan nærmere varsel forta kontrollavlesing av vassmålar, for dette svarar abonnenten kontrollgebyr.

### **§ 25. Ansvarleg for betaling av gebyr for vassmålar**

Abonnenten er ansvarleg for betaling av vassmålarleige og kontrollgebyr. For mellombelse bygg jf. § 8 er tiltakshavar gebyrpliktig.

### **§ 26. Samarbeid om felles vassmålar**

Kommunen kan, etter skriftleg søknad, gi høve til felles vassmålar for sameige. Løyve gjeld alle eigarar i sameiget.

Dersom fleire eigarar av eigarseksjonar eller eigarar i eit sameige samarbeida om felles vassmålar, skal det være inngått abonnement for kvar abonnent.

### **§ 27. Ansvarsforhold vassmålar**

Vassmålaren er kommunens eigedom. Kommunen bestemmer type, størrelse og plassering på vassmålaren som vert installert.

Utstyr og installasjon ut over vassmålaren, også påkrevd er abonnentens eige. Alle koststandar i høve etablering, drift og vedlikehald av privat vatn og avløpsanlegg, installasjonar, berast av abonnement i samsvar med kommunens standard abonnementsvilkår.

Abonnenten skal lese av og rapportere til kommunen målt vassforbruk årleg slik kommunen bestemmer. Ved manglande avlesing og rapportering kan kommunen stipulere vassforbruket basert på tidlegare års forbruk, eller kommunen kan foreta kontroll i samsvar med § 7.

Ved eigarskifte skal vassmålaren lesast av og målarstand sendast til kommunen. Mellomoppgjer for gebyr er eit oppgjer mellom ny og gammal eigar.

Abonnenten skal halde målaren lett tilgjengeleg for avlesing og vedlikehald. Blir ein målar borte eller skada, skal abonnenten straks melde dette skriftleg til kommunen. Som skade reknast også at plombering av målar er broten. Kommunen kan krevje erstatning for tap eller skade av vassmålar jf. §24.

Kommunen kan etter skriftleg søknad frå abonnenten utføre kontroll av vassmålaren. Syner kontrollen en feil på målaren på minst 5% ved normal tapping, utførast justering, eventuelt utskifting av målaren utan utgifter for leigaren. I motsett fall avgjør kommunen kven som skal betale.

Kommunen vil beregne på nytt gebyret for den perioden det er tvil om. Grunnlaget for berekninga er gjennomsnittet av nærmeste avlesingsperiode før feilen oppstod, og eller gjennomsnittet etter at den vart utbetra. Justering av gebyret fyljer lov om foreldelse.

## **§ 28. Opphør av målar**

Når vassmålar er installert kan abonnenten velje å sei opp avrekning etter målar og gå over til avrekning etter stipulert forbruk. Endringa iverksettast frå den 1. i månaden når avlesinga blir gjort før den 16. i månaden og den 1. i påfølgande månad når avlesing blir utført den 16. eller seinare i månaden.

# **KAPITTEL 6. ANDRE GEBYRPLIKIGE HØVE**

## **§ 29. Kjøp av vatn utan abonnement**

Det kan inngåast skriftleg avtale om tapping av vatn frå kommunalt nett utan krav om tilknytingsgebyr. Avtalen vil gjelde bedrifter eller organisasjoner og andre som tappar til tank eller på anna måte tek ut vatn frå kommunen sitt nett. Tapping skal skje på anviste punkt og etter instruks frå kommunen.

## **§ 30. Betaling for kjøp av vatn utan abonnement**

Det skal betalast for kjøp av vatn utan abonnement. Prisen har ein fast del og ein variabel del som kjem fram av regulativet. Fast del skal dekke kommunens kostnadar ved ordninga.

## **§ 31. Ansvar for betaling av kjøp av vatn utan abonnement**

Den som inngår avtale vert fakturert for tenesta.

## **§ 32. Sprinklaranlegg**

Test av sprinklaranlegg eller tilsvarende utan skriftleg avtale med kommunen er ikkje tillate.

### **§ 33. Vatningsforbod eller restriksjonar**

Abonnenten plikter å fylje kommunens kunngjorde vatningsforbod/-eller restriksjonar, jmf. standard abonnementsvilkår punkt. 3-8. Brot på vatningsforbod eller restriksjonar kan medføre at tapppekrana plomberast av kommunen. Abonnenten er ansvarleg for kommunens meirkostnad i høve plomberinga. Plomberinga fjernast når forbodet, eller restriksjonen opphører. Berre kommunen kan fjerne plombering.

Dersom vassforbruket ikkje målast av vassmålar, vil kommunen stipulere vassmengda. Gebyr etter forbruk av vaten blir belasta abonnenten som årsgebyr.

### **§ 34. Arbeid på eksisterande vatn- og/eller avløpsnett**

Arbeid på kommunalt vatn- og/eller avløpsnett skal kun gjerast etter skriftleg avtale med kommunen og slik kommunen bestemer, jmf. Standard abonnementsvilkår punkt 3-14.

## **KAPITTEL 7. INNBETALING AV ÅRSGEBYR**

Forfalt krav på årsgebyr er sikra i pant i eigedomen etter lov om pant § 6-1. Gebyra kan krevjast inn av kommunen etter reglar for innkrevjing av skatt.

### **§ 35. Innbetaling**

Fakturering av årsgebyr for vatn og avløp- og vassmålarleige fordelast inn over eit antal terminar som kjem fram av gebyrregulativet.

Ved fakturering av årsgebyr leggast tinglyst eigarforhold ved faktureringstidspunktet til grunn. Ved eigarskifte er oppgjer av utfakturert gebyr eit forhold mellom selgar og kjøpar. Sjå like vel § 17 om innkrevjing.

Årsgebyret fakturerast a-konto over dei terminar som er bestemt, basert på siste års forbruk. Avrekning etter § 16 Betaling etter målt forbruk skjer på faktura for første termin etterfyljande år med mindre særlege forhold seier noko anna. Dersom abonnentane har endra seg vesentleg frå siste målaravlesing, bereknast nytt a-kontobeløp.

Har mangelfulle eller feil opplysningar ført til feilaktig gebyrberekning, skal berekninga rettast og differansen gjerast opp. Kommunen bereknar årsgebyr vatn- og/eller avløp tilbakevirkande etter lov om foreldelse.

Abonnenten er sjølv ansvarleg for å kontrollere fakturagrunnlaget. Eventuelle feil eller manglar meldast skriftleg til kommunen.

Kontrollgebyr fakturerast etter gjennomført kontroll.

### **§ 36. Manglande innbetaling**

Dersom årsgebyr ikkje er betalt innan ein månad etter abonnenten har motteke andre gongs varsel om innbetaling, kan kommunen stenge vassforsyninga til eigedommen, så framt kommunelegen ikkje motset seg avstenginga.

For oppmøte i høve avstenging og opning av vassforsyning skal abonnenten betale eit tilleggsgebyr (plomberingsgebyr) som framgår av gebyrregulativet.

## **KAPITTEL 8. AVSLUTTANDE BESTEMMELSAR**

### **§ 37. Klage**

Det er ikkje høve til å klage på gebyr som er fastsett i kommunen sitt gebyrregulativ, jamfør *forvaltningslovens* føresegner.

Enkeltvedtak fatta etter denne forskrifta kan skriftleg klagast på til kommunen i samsvar med forvaltingslovas regler.

Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er klaga på.

### **§ 38. Ikraftredelse**

Forskrifta trer i kraft 1. januar 2020, samstundes opphevast:

- Forskrift for vatn- og avlaupsgebyr, Hornindal kommune, Sogn og Fjordane, 27. august 2015 nr. 1310
- Forskrift om vass- og avlaupsgebyr i Volda kommune, vedtatt i kommunestyret 24.04.2008